

Referat frå årsmøtet til Varhaugbuen 2021

Årsmøtet vart halde i Bygdahuset i Rådhusgata2a, måndag 25. april 2022, kl. 19.00.

Desse møtte:

Aud Håland, Varhaug bygdekvinnelag
Asle Haukland, Varhaug bedriftsforening/styret
Per-Arvid Jakobsen, Varhaug misjonshus/styret
Eivind Galtvik, Vennelaget for Lensmannsløa
Liv Hobberstad, redaktør
Terje Vik, Varhaug bedriftsforening
Oddvar Aanestad, bladbud/observatør
Ole Kristian Ødegård, Varhaug BU/styret
Astrid Skretting, Varhaug bygdekvinnelag
Bjørge Judith Holmebakken Åmodt, Varhaug bygdekvinnelag
Jesper Lerbrekk, Varhaug BU

Sjur Håland invitert

Per-Arvid Jakobsen sendte rundt liste slik at dei som kom kunne skrive seg inn.

Leiar Asle Haukland ynskte alle velkomen, og spesielt velkommen til Sjur Håland som skulle kåsere om fritt valgt tema.

Sjur Håland fekk ordet før årsmøtesakene. Han hadde eit interessant kåseri i kategori «lett underholdning». Det var ein del skråblikk på ymse hendingar i Varhaug. Mellom anna litt om edru livsstil og litt om PUB-en og kinamisjonen. Framført elegant og humoristisk.

Så var det tid for årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste. (Her vart det drøfta om ord «på val» kunne nyttast for styreposisjon A, B og C sidan kandidatane vert utpeika av nokre av eigarorganisasjonane og ikkje vert valde på årsmøtet). Nokre fleire lag var inviterte til årsmøtet enn dei som var nemnt.

Samrøystes godkjent

2. Val av møteleiar og referent

Asle Haukland vart vald til møteleiar og Per-Arvid Jakobsen til referent.

3 Val av to til å underteikne møteboka saman med møteleiaren

Terje Vik og Jesper Lerbrekk vart vald til å skriva under møteboka.

4. Årsmeldinga for bladet

Asle Haukland gjekk gjennom årsmeldinga med bruk av prosjektor på storskjerm.

Samrøystes godkjent

5. Rekneskap for bladet

Kasserar hadde forfall, men rekneskapen ble vist på storskjerm. Sauen og følet vart omtala, og no er dei på plass ved skulen. Rekneskapen syner eit godt driftsresultat vart det kommentert.

Samrøystes godkjent

6. Innkomne saker

Det var ikkje kome inn nokre andre saker, men det vart drøfta litt om det eksisterar andre sjølvstendige lag med aktivitet på Varhaug som kunne verte inviterte til årsmøte for Varhaugbuen. Ein var open for å ta imot forslag.

7. Val av styre

Det vart bemerkta at styremedlem i post A, B og C vert vald av organisasjonane og årsmøtet berre godkjenner, medan D og E vert valde av årsmøtet, dette året posisjon E.

A. Ole Kristian Ødegård BU – på val Her vert det 4H som skal ha styreplass, informasjon om kven det vert var ikkje kome inn. (Blir fulgt opp etter årsmøtet)

B. Gaute Ødemotland Bondelaget – ikkje på val

C. Terje Vik VBF – vald for 2 år

D. Brit Obrestad Vennelaget Lerbrekk skule – ikkje på val

E. Per-Arvid Jakobsen Misjonshuset – attvald for 2 år

(1 av representantane skal veljast til leiar. Styret konstituerer seg sjølv)

8. Val av

1. varamann: Ingvar Reiestad Vennelaget Lerbrekk skule – attvald for 1 år




2. varamann: Eivind Galtvik Vennelaget for Lensmannsløa – attvald for 1 år

9. Val av revisorar :

Rune Odland og Irene Hobberstad – attvald

Dermed var årsmøtet gjennomført. Og ein gjekk over til enkel servering, men flotte smørbrød frå Tunet, kaffe og eplemost

Ref: Per-Arvid Jakobsen

		
Jesper Lerbrekk	Terje Vik	Per-Arvid Jakobsen